



Ryfylke vassområde

Innkalling til møte i Ryfylke vassområdeutval

Tid: 12.06.17 kl. 10.15-13.15

Sted: Hjelmeland rådhus, kommunestyresal

Saker

Sak 1: Godkjenning av møteinnkalling

Sak 2: Orientering om vassforvaltningsarbeidet og status i Ryfylke vassområde

Sak 3: Mandat og arbeidsoppgåver for Ryfylke vassområde

Sak 4: Val

Sak 5: Overvaking og problemkartlegging i 2017

Sak 6: Arbeidsplan 2017

Sak 7: Neste møte

Sak 8: Eventuelt

Det blir enkel lunsj. Fint om du gir beskjed om eventuell matallergi.

Velkommen.

Sand 06.06.2017

Jarle Lunde

Koordinator Ryfylke vassområde

jarle.lunde@suldal.kommune.no

Tlf 52792435 / 40418967

Vedlegg:

- Sakliste m/vedlegg

Mottakere:

Henrik Halleland
Bjarte Sveinsvoll Dagestad
Bjørn Laugaland
Jon Kristian Sande
Eva Jakobsson
Geir Bjarne Tveit
?
Magne Langeland
Nils Petter Rabbe
Lin-Veronica Jacobsen
Trine Danielsen

Finnøy kommune
Forsand kommune
Hjelmeland kommune
Kvitsøy kommune
Rennesøy kommune
Sauda kommune
Strand kommune
Suldal kommune
Odda kommune
Rogaland fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune

Kari Grundvig
Eilif Magnus Brodtkorb
Arne Espeland

Fiskeridirektoratet, region sør
NVE
Mattilsynet

Ørjan Simonsen
Vegard Næss

Fylkesmannen i Rogaland, miljøavd.
Rogaland fylkeskommune, regionalplanavd.

Kopimottakerar

Kai Petter Flesjå (SP)
Tore Hans Mikkelsen
Sven Gil Westersjø
Torhild Djup
Dagny S. Hausken
Tor Andreas Michalsen
?
Klara Holmestad Nerheim
Lars O. Seim
Bjørn Ove Hersdal
Knut Atle Seim

Finnøy kommune
Forsand kommune
Hjelmeland kommune
Kvitsøy kommune
Rennesøy kommune
Sauda kommune
Strand kommune
Suldal kommune
Odda kommune
Rogaland fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune

Postmottak kommunar i Ryfylke vassområde
Postmottak Rogaland fylkeskommune
Postmottak Fylkesmannen i Rogaland

Sakliste

Ryfylke vassområdeutval

Tid: 11.05.17 kl. 10.15-13.15

Sted: Hjelmeland rådhus, kommunestyresal

Sak 1: Godkjenning av møteinnkalling

Forslag til vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner innkallinga til møtet i utvalet (23.3.17).

Sak 2: Orientering om vassforvaltningsarbeidet og status i Ryfylke vassområde

Vegard Næss, vassregion Rogaland / Rogaland fylkeskommune legg fram ein presentasjon:

«Vannområdearbeidet og vannkoordinatorens rolle
- og litt om bakgrunn og veien fremover!»

Jarle Lunde, vasskoordinator i Ryfylke, legg fram ein presentasjon:

«Vasskvalitet i Ryfylke, status, utfordringar og tiltak»

Sak 3: Mandat og arbeidsoppgåver for Ryfylke vassområde

Forslag til mandat og arbeidsoppgåver for vassområdeutvalet (VOU), leiar og nestleiar i VOU, arbeidsgruppa og vassområdekoordinator er gitt i vedlegg 1.

Forslag til vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner framlagt mandat.

Sak 4: Val

Val av leiar og nestleiar i vassområdeutvalet, samt ein vararepresentant til vassregionutvalet.

Sak 5: Overvaking og problemkartlegging i 2017

Vassforvaltningsarbeidet skal vere kunnskapsbasert. Det er difor avgjørande at det er avklart kva som er miljøtilstand og påverknad i ein vassførekomst før ein setter inn tiltak. I 2017 har me i Ryfylke vassområde fått på plass tre prosjekt der finansiering og overvakingssavtalar er på plass (nr 2, 3 og 4 i vedlegg 2). Ei undersøking er venta å gå i orden (nr 5), ei har delvis finansiering (nr 6), og til eit prosjekt har me ikkje lykkast med å skaffa pengar (nr 1).

Arbeidsgruppa gjorde følgjande vedtak i møte 11.mai:

Arbeidsgruppa ønskjer å få gjennomført så mykje som mogleg av planlagde prosjekt i 2017. Ein bør søke om tilskott frå Fylkeskommunen sine tiltaksmidler til vassmiljø, samt nytte eigne midlar. Koordinator utarbeidar eit prosjektnotat og finansieringsplan, og legg denne fram som sak for vassområdeutvalet 12.juni.

Vurdering

Økonomi i Ryfylke vassområde

Vassregionutvalet i vassregion Rogaland behandla 30.03.2017 sak om fordeling av statlege midlar. Det ble bestemt at kr. 290 000,- fordeles til kvar av dei fire vassområda i regionen. I oversendingsbrevet heiter det: «Beløpet skal brukes til tiltak eller kartlegging (kunnskapsforbedring), som er prioritert i regionalplan og regionalt tiltaksprogram for vannforvaltning 2016-2021.»

Fylkeskommunen sine tiltaksmidler

Rogaland fylkeskommune har lyst ut andre søknadsomgang for fylkestilskott til vassmiljøtiltak. Søknadsfrist er 1. september. Det er kr 817 850 til fordeling.

Bekkefelt Kotatjødna og Nessavatnet, Hjelmeland

Hjelmeland kommune søkte i 2016 om midlar frå Rogaland Fylkeskommune til å gjennomføre ei undersøking i bekkefelta til Kotatjødna og Nessavatnet. Antatt kostnad for prosjektet var 40 000 kroner og ein fikk innvilga 20 000.

Det er ønskeleg med to prøvestasjonar (botndyr og påvekstalger) nedstøms Kotatjørna. Dette gjerast om hausten. Antatt kostnad er 40 000,-

I Nessavatnet finn ein det mest hensiktsmessig å gjennomføre ei undersøking i sjølve vatnet. Jfr klassifiseringsveileidar gjer ein dette månadleg frå mai til oktober. Antatt kostnad er 70 000,-

Som ein då ser treng ein å få tilført meir midlar for å få gjennomført undersøkinga. Då ein ikkje kan få gjennomført undersøking i Nessavatnet i år, er det hensiktsmessig å skille dette ut som eit eiga prosjekt i 2018.

Undersøkingar i Finnøy og Rennesøy

Finnøy og Rennesøy kommune sendte felles søknad til Miljødirektoratet i 2017 om støtte til problemkartlegging og tiltaksovervaking. Prosjektet fikk ikkje tildelt midlar.

Det blei søkt om midlar til undersøking i bekkefelt (10 stasjonar), 5 prøvelokalitetar i kyst og fjordområde og ein prøvelokalitet i brakkvasssområde (Lundarsøyla).

Pågåande undersøking i Ryfylke vassområde i 2017 tek utgangspunkt i vassførekomst som er i risiko for ikkje å nå god økologisk tilstand innan 2021 grunna mistanke om organisk belastning og eutrofiering. Tilstandsovervaking i foreslåtte bekkefelt i Finnøy og Rennesøy vil vere ei naturleg utviding av dei prosjekta som alt er starta.

Når det gjeld Lundarsøyla er dette en brakkvannspoll med høy næringsavrenning og tidvis algeoppblomstring. Området har spesiell verdi for naturmangfold og er verna som naturreservat. Det er i dag ikkje utvikla noko metode for å kartleggje tilstanden i denne og liknande brakkvasspollar. Koordinator meiner difor at ein ikkje bør ta inn denne lokaliteten i undersøkinga no. Det må vere Miljødirektoratet si oppgåve å utvikle klassifiseringsmetodikk. Dette hindrar sjølv sagt ikkje Ryfylke vassområde å jobbe for å få utvikla ein metode for å kartleggje miljøtilstanden.

Koordinator meiner også ein bør laga eit eiga prosjekt med undersøkingar i fjord og kystområde. Ein må her gå igjennom behov for kartlegging og overvaking i heile vassområde, og prioritere deretter. Eit felles prosjekt saman med Haugaland vassområde må her vurderast. Samordning med pågåande basisovervaking i regionen kan også vere aktuelt.

På bakgrunn av dette foreslår vasskoordinator at følgande vassførekomst blir undersøkt som eit supplement til allereie pågåande kartlegging i Ryfylke vassområde. Nærare lokalisering av prøvestasjonar må gjerast i samarbeid med kommunen. Klassifisering av økologisk tilstand gjennomførast etter indekser utvikla for definerte biologiske kvalitetselement. Overvakinga skal følge krava til overvakingismetodikk slik det går fram av vassforskrifta og tilhøyrande vegleiarar.

Estimert kostnad er mellom 200 og 240 000,-

Vann-nett ID	Elvevassførekomst	Kommune	Merknad
034-25-R	Kota	Hjelmeland	To prøvestasjonar Antatt moderat tilstand, pålitelegheit lav
034-19-R	Bekkefelt Finnøy	Finnøy	Hesbybekken
034-19-R	Bekkefelt Finnøy	Finnøy	Flesjåbekken
034-29-R	Rennesøy til Eltarvåg bekkefelt	Rennesøy	Bekk mellom Hanasand og Eltarvåg Antatt dårleg tilstand, lav pålitelegheit. Skytebane.
034-30-R	Rennesøy til Eltarvåg bekkefelt	Rennesøy	Antatt god tilstand, lav pålitelegheit. Austbøstemmen
034-30-R	Rennesøy til Eltarvåg bekkefelt	Rennesøy	Førsvollvatnet
034-30-R	Bekkefelt Østhusvik	Rennesøy	To prøvestasjonar
034- 28- R	Rennesøy og Austre Åmøy bekkefelt	Rennesøy	
034- 28- R	Rennesøy og Austre Åmøy bekkefelt	Rennesøy	Asmarvikstemmen
034- 28- R	Rennesøy og Austre Åmøy bekkefelt	Rennesøy	Dalestemmen

Forslag til vedtak

Ryfylke vassområdeutval går inn for å få gjennomført ei overvaking i bekkeførekomstar i Hjelmeland, Finnøy og Rennesøy kommunar i 2017. Undersøkinga vil supplere påbegynt overvaking i vassområde.

Primært finansierast prosjektet av egne midlar (50%), samt fylkeskommunale tiltaksmidlar (50%) etter søknad. Sekundært finansierast prosjektet av egne midlar (100%).

Prosjektet har ei kostnad på inntil kr 240 000.

Eit prosjekt som tek sikte på tilstandsovervaking av Nessavatnet (Hjelmeland), og eventuelt andre lokalitetar, leggst fram for vassområdeutvalet hausten 2017 eller vinter 2018.

Sak 6: Arbeidsplan 2017

Det bør utarbeidas ein arbeidsplan for ein lengre periode. Eit forslag til arbeidsplan gjeldane fram til ein ny føreligg er lagt ved som vedlegg 3. Planen er ikkje drøfta med arbeidsgruppa.

Forslag til vedtak:

Ryfylke vassområdeutval godkjenner «Arbeidsplan for Ryfylke vassområde 2017».

Sak 7: Neste møte

Når og kor?

Sak 8: Eventuelt



Forslag til mandat og oppgaver

Organisering og sammensetning av gruppene

Hvert vannområde har en organisering som består av et vannområdeutvalg (styringsgruppe) og en arbeidsgruppe (faglig).

Vannområdeutvalget består av én politisk valgt representant (samt vara) fra hver av kommunene, og to representanter fra Rogaland fylkeskommune (samt vara). Fylkesmannen i Rogaland sitter med en fast representant, mens de andre regionale/statlige sektormyndighetene vil kunne delta på møter ved konkrete behov.

Arbeidsgruppa består av én representant fra hver av medlemskommunene. Regionale sektormyndigheter deltar etter behov. Næringsaktører/frivillige organisasjoner kan inviteres inn i arbeidsgruppa. Dette avklares internt i vannområdet.

Videre organisering med evt. undergrupper avklares internt i vannområdet.

Mandat til vannområdeutvalget (VOU)

1. Vannområdeutvalget skal samordne og sikre konsensus omkring det faglige arbeidet i vannområdet:

- Godkjenne det faglige arbeidet i prosjektet, herunder vannområdets tiltaksanalyse som innspill til vannregionens forvaltningsplan
- Tilrettelegge for god medvirkning fra frivillige organisasjoner, næringsorganisasjoner og grunneierorganisasjoner

2. Vannområdeutvalget skal arbeide aktivt for å fremme vannområdets og kommunenes behov:

- Ta initiativ til å fremme saker av betydning for arbeidet lokalt.
- Vedta hvilke fellesprosjekter som vannområdet skal prioritere.
- Søke om økonomisk støtte til vannområdets fellesprosjekter.
- Arbeide for politisk forankring av vannområdearbeidet i kommunene.



Oppgaver til leder og nestleder av vannområdeutvalget (VOU):

- Leder av VOU leder alle møter i VOU
- Leder av VOU skal ha god dialog med vannområdekoordinator i den daglige driften av vannområdet. Leder godkjenner saksliste til møter i VOU før den sendes ut.
- Nestleder av VOU er vara for leder i alle funksjoner.
- Leder og nestleder er også vannområdeutvalgets representanter inn i vannregionutvalget (ca. 2-3 møter i året).

Det er mulighet for leder og nestleder å dele oppgavene mellom seg hvis det vurderes å være mer praktisk.

Mandat til arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa er det faglige organet til vannområdet, og skal;

- Bidra til samordning over kommunegrensene i tiltaksoppfølgingen.
- Bidra med faglige vurderinger / leveranser i saker knyttet til arbeidet i vannområdet, inkludert innspill til tiltaksanalysen for vannområdet og regionalt overvåkingsprogram.
- Gi forslag til vedtak i saker som skal behandles i vannområdeutvalget.
- Bidra til fremdrift i fellesprosjektene til vannområdet.
- Arbeide for administrativ forankring av vannområdearbeidet i kommunene.

Mandat til vannområdekoordinator

Vannområdekoordinator er daglig leder av vannområdet og skal;

- Samordne arbeidet i vannområdet. Dette innebærer bl.a.; koordinering av møtevirksomheten, økonomistyring og informasjonsformidling.
- Bidra til informasjonsflyt mellom regionalt og lokalt nivå.
- Følge opp vannområdets fellesprosjekter, f.eks. felles overvåkingsprogram for kommunene.
- Sørge for medvirkning fra allmenne interesser på lokalt nivå.
- Oppdatere tiltaksstatus i tiltaksmodulen i vann-nett for kommunene.
- Rapportere status for oppfølging av tiltaksprogram til eget vannområdeutvalg og vannregionutvalget, inkludert å utarbeide årsrapport.
- Sørge for oppdatering og utvikling av vannområdets tiltaksanalyse.



Status for søknadar og kartleggingsprosjekt - 2017

1. Problemkartlegging og tiltaksovervaking i Finnøy kommune

- Mål: problemkartlegging og tiltaksovervaking i bekkefelt og i sjø
- Finansiering: Søknad om midlar hjå Miljødirektoratet. Avslått.

Status: Førebels ikkje midlar

Vann-nett ID	Elvevassførekomst	Kommune	Merknad
034-19-R	Bekkefelt Finnøy	Finnøy	Hesbybekken
034-19-R	Bekkefelt Finnøy	Finnøy	Flesjåbekken
034-19-R	Bekkefelt Finnøy	Finnøy	Hauskjebekken. Ikkje mogleg å ta prøve i bekk. I staden prøvetaking i sjø - Hauskjevågen
034-16-R	Kyrkjøy og Bjergøyna bekkefelt	Finnøy	Lundarsøyla. Brakkvasspoll, naturreservat.
034-30-R		Rennesøy	Bekk mellom Hanasand og Eltarvåg
	Rennesøy til Eltarvåg bekkefelt	Rennesøy	Austbøstemmen
	Rennesøy til Eltarvåg bekkefelt	Rennesøy	Førsvollvatnet
	Bekkefelt Østhusvik	Rennesøy	X 2
034- 28- R	Rennesøy og Austre Åmøy bekkefelt	Rennesøy	
	Asmarvikstemmen	Rennesøy	
	Dalestemmen	Rennesøy	

Vann-nett ID	Kyst og fjord	Kommune	Merknad
0242020602-2-C	Nådåsundet	Finnøy	
0242020802-C	Fåresundet	Finnøy	
0242010401	Dysjalandsvågen	Rennesøy	
0242010402	Klostervågen	Rennesøy	

2. Kartlegging av elvemusling i Hjelmelandsvassdraget

- Mål: Oppdatert kunnskap og grunnlag for å overvake bestanden av elvemusling. Vassdraget renner gjennom sentrale Hjelmeland kommune og er utsatt for ulike inngrep og konsekvensar av arealbruk.
- Finansiering: Fylkesmannen i Rogaland (tilskot til trua og prioriterte arter)
- Konsulent: Kjell Sandaas

Status: Blir gjennomført i 2017

Vann-nett ID	Elvevassførekomst	Kommune	Merknad
035-7-R	Husstølåna	Hjelmeland	

3. Overvaking av innsjøer i Strand kommune 2017

- Mål: Fastsetting av miljøtilstand i vatn og vassdrag som står i risiko for ikkje å oppnå miljømål innan 2021. Mistanke om påverknad frå landbruk.
- Kostnad: 247 000,-
- Finansiering:
 - o Rogaland fylkeskommune (tilnærma 50%)
 - o Fylkesmannen i Rogaland (tilnærma 50%)
 - o Strand kommune (5000,-)
- Konsulent: IRIS

Status: Blir gjennomført i 2017

Vann-nett ID	Innsjøvassførekomst	Kommune	Merknad
032-23082-L	Nordvatnet	Strand	
032-23097-L	Åsvatnet	Strand	
032-23094-L	Nordlandsvatnet	Strand	

4. Overvaking av utvalde innsjøer og elver i 2017

- Mål: Fastsetting av miljøtilstand i vatn og vassdrag som står i risiko for ikkje å oppnå miljømål innan 2021. Mistanke om påverknad frå landbruk og spredt avrenning
- Samarbeidsprosjekt med Vassområde Haugalandet
- Finansiering: Nær fullfinansiert av Fylkesmannen i Rogaland, noe eigearbeid av vasskoordinator
- Konsulent: Cowi

Status: Blir gjennomført i 2017

Vann-nett ID	Innsjøvassførekomst	Kommune	Merknad
035-24205-L	Nattlandsvatnet	Suldal	
Vann-nett ID	Elvevassførekomst	Kommune	Merknad
037-69-R	Svandalen	Sauda	Forslag om prøvestasjon i nedre del/utløp mot sjø.
037-71-R	Bekken innover Birkeland	Sauda	Forslag om prøvestasjon ved Sønnå
037-8-R	Nordelva (Åbødalselva)	Sauda	Forslag om to prøvestasjoner; i Djupadal over byggefelt og ved utløp mot sjø.
036-191-R	Bergjord - Nereim	Suldal	Forslag om prøvestasjon ved utløp mot Suldalslågen.
036-93-R	Suldalslågen øvre	Suldal	Forslag om prøvestasjon nederst i vannforekomsten ved Foss.
036-92-R	Suldalslågen nedre	Suldal	Forslag om prøvestasjon nederst i vannforekomsten
032-37-R	Skarbekken	Strand	Forslag om prøvestasjon ved utløp mot sjø.
032-53-R	Erekjeret og Høletjørna	Strand	Forslag om prøvestasjon ved utløp mot Bleiåna.
032-39-R	Fjellsåna	Strand	Forslag om prøvestasjon ved utløp mot sjø.
032-29-R	Leirangbekken	Forsand	Forslag om prøvestasjon ved utløp mot sjø.
034-19-R	Bekkefelt Finnøy	Finnøy	Forslag om tre prøvestasjoner: 1. Utløp Lauvsnesvatn mot Hauskjevatt 2. Utløp Hauskjevatt 3. Bekk som kommer ned på Nærland og renner ut i Nådasundet

5. Overvaking i Suldalslågen

- Mål: Fastsetting av miljøtilstand etter vassforskrifta. Samordning med ei basisundersøking i elva med effektkontroll kalking (Miljødirektoratet).
- Finansiering: Statkraft
- Konsulent: Unimiljø?

Status: Førebels ikkje bekrefta at dette er i orden.

Vann-nett ID	Elvevassførekomst	Kommune	Merknad
036-92-R	Suldalslågen nedre	Suldal	
036-93-R	Suldalslågen øvre	Suldal	

6. Overvaking i Kådatjørna og Nessavatnet, Hjelmeland kommune

- Mål: Fastsetting av miljøtilstand. Mistanke om påverknad frå landbruk
- Finansiering: Det blei søkt om 20 000 kr frå Fylkeskommunen i 2016 noko som blei tildelt. Antatt kostnad: 90 000,-

Status: Delfinansiert. Ikkje nok midlar til å starte undersøkinga ???

Vann-nett ID	Elvevassførekomst	Kommune	Merknad
033-117-R	Nessavatnet med bekker	Hjelmeland	Antatt god tilstand, pålitelighet lav
034-25-R	Kota	Hjelmeland	Antatt moderat tilstand, pålitelighet lav



ARBEIDSPLAN FOR RYFYLKE VASSOMRÅDE 2017

Mål for perioden:

- Komme i gang med arbeid i vassområdet i samarbeid med kommunane og aktuelle sektormyndigheter.
- Gjennom arbeid i vassområdet bidra til at arbeidet med å gjennomføre tiltak i tiltaksprogram kjem i gang og blir prioritert
- Styre etter delmål gitt i tabell

Vasskoordinator er tilsett i 50 % stilling med kontorstad i Suldal.

AKTIVITET		Når	ANSVAR
Presentera arbeidet politisk	- Orienterer/presentere arbeidet i Ryfylke vassområde i relevante politiske utval i dei mest sentrale kommunane	Haut 17	Vasskoordinator Leiar, Ryfylke vassområdeutval
Oppfølging av prosjekt	- Oppfølging av starta prosjekt (overvaking) - Oppfølging av eventuelt nytt prosjekt (anbod osv)	Kontinuerl eg	Vasskoordinator
Informasjonsarbeid	- Oppdatere Ryfylke sitt område på vannportalen.no. - Gjere vassarbeidet kjent - Gi rom for medverknad frå rettighetshaverar, allmenne og private interesser	Kontinuerl eg	Vasskoordinator
Utarbeida/redigera tiltaksanalyse med tiltaksstatus	- Oppdatere tiltaksanalyse og innarbeide tiltaksstatus. Prioriteringar.	Haut 17	Vasskoordinator
Møte i arbeidsgruppa og i Vassområdeutvalet	- Oppretthalda trykk for å nå måla i vedtatt regional plan. - Prioriteringar og framdrift i arbeidet - Koordinera felles tiltak - Overhalde søknadsfristar - Kommunane; status for arbeidet	Etter behov (ca 3-4/år)	Vasskoordinator Leiar Rvou Kommunane
Revisjon av Ulla-Førre	- Koordinering av arbeidet med å laga eit kravdokument for Ulla-Førre revisjon	Okt/nov-17	Vasskoordinator
Søke tilskott hos FK, FM, SEK og MD	- Finansiere tiltak	Haut -17	Kommunane Vasskoordinator
Utarbeide arbeidsplan	- Utarbeide arbeidsplan for Ryfylke vassområde fram til 2021	Nov -17	Vasskoordinator Arbeidsgruppa, Vassområdeutvalet